

ROTSET BARNEHAGE

ÅRSPLAN



DEL 2

2025/2026

PERSONALET



Dagleg leiar
Signe Moldskred



Baseleiar
Blåsenborg
Frank Vidar Andersen



Baseleiar
Sagebakken
Kirsti Skåra



Baseleiar
Presteholmen
Karin Sætre Drabløs



Barnehagelærer
Blåsenborg
Hege Brenne



Barnehagelærer
Presteholmen
Karoline V. Følsvik



Barnehagelærer
Sagebakken
Mark Suarez



Fagarbeidar
Blåsenborg
Katerina



Fagarbeidar
Blåsenborg
Jan Ole Kongsvik



Fagarbeidar
Sagebakken
Mette Rogne Vatne



Fagarbeidar
Sagebakken
Britt Meek



Fagarbeidar
Presteholmen
Anne Kristin Voldsund



Assistent
Presteholmen
Torstein Eikill



Assistent
Presteholmen
Nova Bakken



Spesialpedagog
Blåsenborg
Jimmy Grønli



Musikkpedagog
Blåsenborg
Sunniva U. Kayser



Kjøkken / Assistent
Presteholmen
Alisha Gurung



Vaktmeister
Knut Magne Årseth

BLÅSENBORG



På Blåsenborg er det i år 24 flotte born i alderen 3-6 år, altså dei eldste barna i barnehagen. Dette påverkar sjølvstendige dagane våre, med store barn som både er og jobbar med å verte meir sjølvstendige. Det er mykje vi kan lære av kvarandre, og slike situasjonar legg vi opp til på Blåsenborg. Alle skal bli sett og høyrte!

Humor og omsorg står også sentralt på Blåsenborg, og kvar dag består av mange situasjonar som er prega av nettopp det. Det er viktig for trivsel og tryggleik at vi kan le saman og glede oss over ting i lag, samtidig som vi kan utfordre og utforske dei ulike sidene i oss og utvikle den sosiale- og emosjonelle kompetansen i samspel med kvarandre.

Dei varierte interessene og dei ulike personlegdomane gir eit stort mangfald, og samspelet mellom barn og vaksne er med på at vi lærer saman og skaper meningsfylte dagar på Blåsenborg.

E-post til Blåsenborg
blasenborg@rotsetbarnehage.no

SAGEBAKKEN



E-post til Sagebakken
sagebakken@rotsetbarnehage.no

Sagebakken består i år av 15 flotte 2 og 3 åringar.

Glede, humor, omsorg, venskap, leik og læring pregar dagane våre på Sagebakken.

Vi ynskjer å skape gode møtepunkt der relasjonar og venskap får vekse, og der vi utviklar oss og lærer nye ting. Ut frå dette har vi sett oss to fokusområde:


- Vi ynskjer at kvart enkelt barn skal bli sett, høyrte og oppleve anerkjenning og meistring.
- Vi ynskjer at barn og vaksne skal oppleve å lære saman i ein meningsfull kvardag.

Vi deler barna på Sagebakken i to grupper, der dei eldste danner Revegruppa medan dei yngste barna er plassert i Apekattgruppa.



PRESTEHOLMEN

Vi er gode venner!



**Kroppen er vårt anker i
verden**
Merleau-Ponty



Grappa på Presteholmen er i haust samansett av 15 livlege og leikande barn. Sju er fødte i 2023 og åtte er fødte i 2024. Fire av barna tek til i nov/januar.

Det at barna er så små vil sjølvstekt sette sitt preg på arbeidet vårt. Vi set av veldig god tid til tilvenning og tilknytning. Det å skape tryggleik gjennom gode rutinar, omsorg og ro i kvardagen er viktig. Det er grunnlaget for å bygge gode relasjonar, som igjen er med på å utvikle vennskap og stimulere til vidare utvikling og læring.

Små barn utforskar med kropp og sansar. Difor legg vi til rette for at dei skal få bruke heile kroppen og alle sansar i møte med omgjevnadane, både inne og ute.

På familie- og tumlerommet har vi motoriske leiker og materiell som høver for dei yngste. Etterkvart får dei høve til å utforske resten av barnehagen. Der finn dei andre typar leiker og vert kjende med dei eldre borna. Slik leikar og lærer vi saman i ein meningsfull kvardag.

MAUREN

Liten?

Jeg?

Langt ifra!

Jeg er akkurat stor nok.

Fyller meg selv helt

på langs og på tvers

fra øverst til nederst.

Er du større enn deg selv, kanskje?

Inger Hagerup




E-post til Presteholmen

presteholmen@rotsetbarnehage.no

TEMA/PROSJEKTARBEID

PROGRESJONSMODELL



I det pedagogiske arbeidet med barna fokuserer vi på å legge til rette for aktiviteter og lek etter barna sin alder, og deira modning og føresetnader. Tankegangen kan ein forklare gjennom å bruke modellen som vist ovanfor, der kvart år skal innehalde noko kvalitativt nytt. Til dømes vil ikkje 1-åringane gå tur rundt Rotevatnet. Først må dei gjere seg erfaringar utifrå sine føresetnader t.d. inne og ute i barnehagen eller like utanfor gjerdet. Etterkvart vil alle erfaringane gjere dei klare til å møte nye og større utfordringar. Ein kan tenkje seg at ein fyller modellen over med erfaringar. For kvar erfaring ein gjer vil erfaringsnivået stige. På denne måten vil barna få utfordringar tilpassa sitt modningsnivå, oppleve meistring og lære variert innanfor dei sju fagområda på ulike måtar kvart år i løpet av barnehagetida.

Ingen kan lære deg noe
som ikke allerede
halveis slumrer
i din vitens morgendæmring.
Hvis din lærer virkelig er vis,
ber han deg ikke komme
inn i sin visdoms hus,
men leder deg til
din egen forstands dørterskel.

Profeten (Kahil Gibran)



ALDERSINDELTE GRUPPER

For å få tilpassa innhald og metode til barna sin alder og utviklingsnivå, deler vi barna inn i grupper etter alder, jf. progresjonsmodell på førre side. Ulike vaksne vil i løpet av året skifte på å ha ansvar for dei ulike gruppene.

GRUPPEDELING

Tiger

5 barn



Krokodille

19 barn



Rev

7 barn



Apekatt

8 barn



Edderkopp

7 barn



Maur

8 barn



VEKERYTME ORGANISERTE AKTIVITETAR

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Tiger/Krokodille Gr.1	Leik/Sangsamling	Tur	Tema	Kristensamling	Leik/Sosial kompetanse
Tiger/Krokodille Gr.2	Leik/Sangsamling	Leik/Sosial kompetanse	Tema	Kristensamling	Tur

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Rev	Leik/Samling	Tema	Utedag/tur	Kristensamling	Leik/Bakedag
Apekatt	Leik/Samling	Tema	Utedag/tur	Kristensamling	Leik/Bakedag

Edderkopp og Maur

Dei yngste har i mindre grad faste tider til organiserte aktivitetar. Ut frå alderen og utviklingstrinnet til dei yngste barna tilpassar vi slike ting til kvardagen og spontane situasjonar som oppstår. Vi legg ut «spor» i høve det vi jobbar med og har materiellet tilgjengeleg. Så nyttar vi små stunder gjennom kvardagen til å jobbe leikprega med t.d. temaarbeid og føremålsparagrafen.

I og med at det er ei veldig ung barnegruppa må vi sjå an kva vi kan få til av turar etter kvart. Det er tysdagen som er sett av til eventuell tur for Edderkoppgruppa (dei sju eldste på basen). Så her er det berre å fylgje med på kalendaren på Kidplan, veke for veke.



Rotset barnehage har utvida kristen føremålsparagraf. Dette tek vi med oss inn i alt arbeid vi gjer i barnehagen. Det får konsekvensar for korleis vi er mot kvarandre i kvardagen og sjølv sagt også for temaarbeidet vårt. Vi har valt å lage ein fireårsplan for dette arbeidet, der det overordna temaet er "Skaparverket".

Dette temaet deler vi igjen inn i **fire undertema**:

1. Himmel og jord, stjerner og planetar.
2. Planter, tre og andre vekstar.
3. Fisk, fuglar og dyr
4. Mennesket

Tema for barnehageåret 2025/26: Himmel og jord, stjerner og planetar»

Himmel og jord, stjerner og planetar

Under hovudtemaet «Skaparverket» har vi no kome til undertemaet; «Himmel og jord, stjerner og planetar».

Vi jobbar med temaet både i den vanlege barnehagekvardagen, på turar og i dei aldersdelte gruppene. Arbeidet er leikprega og prosessorientert. Vi jobbar ut frå barna sin alder, interesser og innspel. Det vi gjer er knytt til dei sju fagområda i Rammeplanen. Alle gruppene jobbar ut frå felles overordna føringar, men kan ha ulike målsetjingar, fokusområde og innfallsvinklar til arbeidet.

Føremålsparagrafen skal inkluderast også i temaarbeidet.

LEIK

I Rammeplan for barnehagen står det at leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og at eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Leiken er difor ein svært viktig del av arbeidet vårt. Vi ynskjer at barna gjennom leiken skal oppleve glede, spenning, meistring, læring og utvikling.

- Vi vil ha fokus på våre egne roller som vaksne i høve til leiken og kva vi kan gjere for å legge til rette for at alle born skal få positive leikeerfaringar.
- Vi vil syte for at det fysiske miljøet både inne og ute inspirerer til god, spennande og variert leik.
- Vi vil, når det er nødvendig, dele borna inn i mindre grupper også i leiketida. Her kan dei verte delt uavhengig av kva gruppe dei høyrer til frå før. Det vil vere ulike delingar alt etter kva som er tenleg for leiken.




EMOSJONELL- OG SOSIAL KOMPETANSE

Arbeid med emosjonell og sosial kompetanse er noko som har høg prioritet kvart år i barnehagen vår. Vi ynskjer å løfte fram kvar einskild i fellesskapet slik at alle opplever livsmeistring og god psykisk helse. Vi hjelper barna til å forstå, uttrykke og regulere følelsane sine, og vi har eit stort fokus på trivsel, venskap og respekt for kvarandre. Dette er også ein viktig del i arbeidet mot mobbing og diskriminering.

Vi ynskjer vidare at barna skal lære å meistre balansen mellom å dekkje egne behov og ta omsyn til andre sine behov. Dette er ei evne ein tileignar seg gjennom varierte erfaringar og opplevingar i samspel med andre menneske.

- Her brukar vi kvardagssituasjonane medvite, i tillegg til meir planlagde og tilrettelagde aktivitetar og samlingar.



FAGOMRÅDA



SPRÅK, TEKST OG KOMMUNIKASJON


Rammeplanen:

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening.

Både den non verbale og den verbale kommunikasjonen er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk, som igjen er viktig i høve relasjonsbygging og deltaking i lek.

Gjennom å legge opp til eit stimulerande språkmiljø i barnehagen, kan vi vere med å førebygge og redusere språk-, lese-, og skrivevanskar seinare.

Språk og kommunikasjon er også viktig med tanke på kulturskaping og - overføring.



SLIK JOBBAR VI MED FAGOMRÅDET

- Vi har aktive og medvitne vaksne som brukar eit korrekt og tydeleg kvardagsspråk, opptrer som gode, språklege rollemodellar og anerkjenner, tolkar, stadfestar og utvidar barna sine uttrykk.
- Vi set av tid til samtalar og diskusjonar i små og store grupper,
- Vi nyttar songar, rim og regler i lek og samspel.
- Vi lagar tid og rom for undring, lytting, høgtlesing og forteljing.
- Vi har rik tilgang på ulike typar bøker.
- Vi er medvitne på å bruke språket til å uttrykkje kjensler, ynskje og erfaringar, samt som middel til medverknad, konfliktløysing og danning av gode relasjonar.
- Vi set av god tid til lek, der barna sjølv får bruke språket aktivt.
- Vi har metaspråklege samtalar med barna og legg opp til tekst-skaping og leike-skriving.
- Bibliotekbesøk.
- Vi jobbar med utviklingsarbeid knytt språk- og leikemiljø, i regi av regional kompetanseutvikling (Rekomp) og ASK (Alternativ supplerande kommunikasjon). Her er alle barnehagane i Volda og heile personalet involvert. Det er også eit samarbeid med Høgskulen i Volda og PPT. Dette arbeidet skal vere med på å sikre alle barn eit kvalitetsmessig likeverdig tilbod. Rekomp-arbeidet og arbeid med ASK held fram også dette barnehageåret.


Hva er en bokstav?
En besynderlig ting-
En sløyfe, en prikk
og en krøll og en sving

Andre Bjerke

ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

Rammeplanen:

Barnehagen skal bidra til at barna opplever grunnleggende og eksistensielle spørsmål som viktige. Det er viktig at barna vert kjende med religion, etikk og filosofi som ein del av livet, og utviklar respekt og toleranse for andre. Barna skal få kjennskap til kristne verdier og kristne høgtider/tradisjonar, samt normer og verdier frå ulike andre kulturar/religionar.



SLIK JOBBAR VI MED FAGOMRÅDET

- Vi har utvida kristen føremålsparagraf, og difor legg vi særskild vekt på dette fagområdet. Det vil seie at vi legg stor vekt på kristne verdier og normer i kvardagen. Vi har også samlingar med bibelforteljingar og kristne songar.
- Vi legg til rette for gode opplevingar, og prøver å skape rom for gode/ filosofiske samtalar og undring i kvardagen.
- Vi har eit medvite personale som møter barna si tru og deira spørsmål og undring med respekt, og støttar barna i utviklinga av eigen identitet.
- Personalet opptrer som gode rollemodellar i møtet med kvarandre og barna. Dei hjelper barna til å finne konstruktive løysingar i konfliktsituasjonar når barna ikkje klarer det sjølve.
- Vi omtalar og møter andre kulturar med respekt. Er slike kulturar representerte i barnehagen løftar vi dei fram og gjer barna kjende med deira tru og høgtider.
- Vi markerer alle dei store kristne høgtidene (jul, påske, pinse).

NÆRMILJØ OG SAMFUNN

Rammeplanen:

Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring. Det at barna får vere med å påverke det indre livet i barnehagen kan vere det første steget for å få innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Vi skal i barnehagen bidra til at barna blir kjende i naturen, lokalsamfunnet, nærmiljøet, arbeidslivet, tradisjonar, kunst og kultur osv. Barna lærer gjennom å oppdage, utforske og undre seg. Barna skal også få grunnleggande kjennskap til menneskerettane.



SLIK JOBBAR VI MED FAGOMRÅDET:

- Gardsbesøk i nærområdet.
- Turar til skog, fjøre, kyrkja, bygdetunet, høgskulen, sjukehusparken, matbutikken og i bustadområda rundt barnehagen.
- Kino- og teaterbesøk.
- På turar i nærmiljøet får barna rike og varierte sanseopplevingar og -erfaringar, og tid til å studere, utforske og undre seg.
- Arbeid med emosjonell og sosial kompetanse for å kunne bidra positivt til fellesskapen.
- Samtaler om og arbeid med andre kulturar, t.d. gjennom arbeid med den årlege FORUT-aksjonen.
- Fokus på 17.mai og dei store kristne høgtidene.
- Matlaging knytt til ulike kulturar.
- Grunnleggande innsikt i den samiske kulturen (Samisk veke)

KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

Rammeplanen:

Fagområdet gjev rike moglegheiter for sansing, oppleving, eksperimentering, skapande verksemd, tenking og kommunikasjon.

Barna skaper sin eigen kultur ut frå egne opplevingar.

Det å vere saman om kulturelle opplevingar og skape noko saman, er med på å styrkje fellesskapskjensla.

"Vær barmhjertig, Herre.
Vis en særlig omsorg for de
mennesker som er så
logiske,
praktiske,
realistiske,
at de forarges når
noen kan tro at
det finnes en liten blå hest..."
Don Helder Camara



SLIK JOBBAR VI MED FAGOMRÅDET

- Vi vil at barna skal få varierte og rike felles opplevingar og inntrykk (t.d. teater, kino, kyrkjebesøk, konsertar og museumsbesøk) som kan stimulere til kreative uttrykk.
- Barna har dagleg tilgang til bøker, bilete, utkleddingsutstyr og materiell til skapande verksemd.
- Språkleik, song, musikk, dans/rørsle til musikk.
- Enkle dramaaktivitetar.
- Stor plass til leik, og medvitne vaksne som ser samanhangen og samspelet mellom kunst, kultur og borna sin leik/eigen kultur.
- Turar i nærmiljøet. Samtalar om estetiske fenomen i nærmiljøet, naturen og kvardagen elles.
- Skaping i naturen (t.d. forming i snø og med naturmateriell i skogen).



NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

Rammeplanen:

Naturen skal vere ein arena for leik og læring. Arbeidet med fagområdet skal stimulere til nysgjerrigheit i høve naturvitskaplege fenomen, fremje tilhøyrslø til naturen og gje barna erfaringar med ulike reiskapar og teknologi.

Arbeid med fagområdet skal også sikre at barna får opplevingar og erfaringar i naturen som gjev ei grunnleggande forståing for naturen sin eigenart. Dette vil bidra til at dei vert glade i naturen, noko som igjen vil fremje vilje til å verne om naturressursane.



SLIK JOBBAR VI MED FAGOMRÅDET

- Gjere barna medvitne på sansar. La dei få føle, lytte, lukte, kjenne og sjå på ulikt materiell både ute og inne.
- Gå turar til faste referanseområder over lengre tid, for å sjå korleis naturen endrar seg med årstidene.
- Så og dyrke grønnsaker i åkeren vår.
- Turar for å finne t.d. froskeegg og lære korleis dei utviklar seg.
- Gardsbesøk og besøk i fjøra.
- Ta bilde, bruke IKT som verktøy til leik, kreativitet og læring.
- Nytte snikkarbod i barnehagen.
- Lære om vekt og mål.
- Gjennomføre ulike fysiske eksperiment.
- Kjeldesortering av avfall og gjenbruk av ulike ting.
- Lære borna enkle "miljøvett-reglar".

KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

Rammeplanen:

I løpet av småbarnsalderen tileignar barna seg grunnleggande motoriske evner, vanar og innsikt i korleis ein skal ta vare på sin eigen kropp og si eiga helse. Barna er fysisk aktive, og dei sansar, uttrykkjer seg og skaffar seg erfaringar med bruk av kroppen.

Barnehagen skal legge til rette for at barna får oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse.

Gjennom arbeid med fagområdet skal barna sanse, oppleve, leike og lære med kroppen som utgangspunkt. Dei skal vere med på mat- og måltidsaktivitetar og motiverast til å ete sunn mat. Dette vil vere med på å gje ei grunnleggande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.



SLIK JOBBAR VI MED FAGOMRÅDET

- Vi vil tilby eit variert leikemiljø inne og ute som stimulerer til grovmotorisk og finmotorisk utvikling.
- Aktive vaksne som forstår, stadfestar og oppmuntrar den sansemotoriske og kroppslege leiken.
- Bruke rørsle til musikk, rørsleleikar og dans.
- Bruke nærmiljøet til turar i ulikt terreng.
- Veksling mellom rolege og meir aktive stunder gjennom dagen.
- Gje barna eit sunt og variert kosthald i barnehagen, som kan vere med å skape gode matvanar.
- Formidle gode haldningar til kropp og helse, gjennom kunnskapsformidling (bøker) og samtaler.
- Lage sunn og god mat saman.




MENGD, ROM OG FORM

Rammeplanen:

Barn viser tidleg interesse for mange og ulike matematiske fenomen. Dei utforskar tal, teljing, rom, form, mønster, sortering, plassering og måling, og leitar etter samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Gjennom å oppmuntre barna si eiga utforsking skal barnehagen bidra til at dei opplever glede over å «leike med» og «undre seg».

Fagområdet skal stimulere evne og motivasjon til problemløysing hjå barna og utvikle grunnleggande forståing for matematiske omgrep.



SLIK JOBBAR VI MED FAGOMRÅDET

- Litteratur, rim og regler og songar med tal, teljing og matematiske omgrep.
- Medvit om å bruke barnet sine matematiske uttrykk i lek som utgangspunkt for undring og utforsking.
- Samtalar med barna, trening i å bruke språket som uttrykk for logisk tenking.
- Medviten bruk av rette matematiske omgrep i samtalar og lek ute og inne.
- Undring saman med barna over likskapar og ulikskapar, storleik og mengde.
- Spel, teljemateriell, kalender, klossar, leiker og formingsmateriell brukt på ulike måtar.
- Skaping av mønster (t.d. perling, teikning, klipping og liming)
- Erfaring med mål og vekt (matlaging, tid, klokke, avstand, ulike måleiningar og målereiskapar).
- Barna får vere med i det daglege arbeidet og t.d. borddekking, matlaging og rydding.

HØGTIDER

ADVENT/JUL

Vi ynskjer å bruke adventstida som ei roleg førebuingstid til jula. Vi har daglege advents-samlingar med lystenning og kalender. Julebodskapen og kristne julesongar er i sentrum. Vi har julevandring i barnehagen, og dei eldste barna deltek også på julegudsteneste i kyrkja. Vi bakar litt og kosar oss med å lage enkel julepynt. Vi brukar også songar og forteljingar frå den kulturelle delen av juletradisjonen vår. Då syng og fortel vi om nissen, har nissefest med nissedans og nissegraut som fellesmåltid for alle basane. Nissefar eller -mor kjem også på besøk då.



PÅSKE

Vi vil gje barna kjennskap til kristen og kulturell tradisjon knytt til påska. Vi fortel det som hende med Jesus heilt frå han reid inn i Jerusalem palmesøndag til han stod opp den tredje dagen. Vi har påskevandring som tek barna med på ei reise gjennom heile påskeevangeliet, der dei vaksne dramatiserer og fortel. Hovudfokuset er at påska er glede og håp. I formidlinga av påkebodskapen brukar vi sjølvsgt forteljinga frå bibelen, vi syng kristne påskesongar, dramatiserer og koser oss med ulike formingsaktivitetar. Dei eldste barna er også ofte med på kyrkjevandring i kyrkja.

Vi fokuserer også på at våren er på veg med nytt liv. Påskekyllingen vert såleis også ein naturleg del av temaet. Rett før påskeferien har vi felles påskelunsj. Då opnar vi opp dørene, pyntar fint på borda og dekker på med ekstra godt pålegg, egg og nybaka rundstykke.



KRISTI HIMMELFARTSDAG / PINSE

Vi undrar oss over at Jesus for opp til himmelen og sende oss Den Heilage Ande som «vår gode hjelpar» i staden. Pinsa blir også kalla "kyrkja sin bursdag", til minne om då Jesu disiplar grunnla den første kristne kyrkjelyden. Vi brukar bibelforteljinga, syng pinse- og vårsongar, har enkle formingsaktivitetar og dramaleik. Dei eldste barna er med på ei pinsevandring i barnehagen, der vi vandrar oss gjennom hendingane i pinsa og Kristi Himmelfartsdag.



TRADISJONAR

«EG EIG KROPPEN MIN»

Rammeplanen seier at «Borna skal ut frå sin alder og si modning bli kjend med kroppen sin og og verte medvitne om sine eigne og andre sine grenser. (KD, 2017:48-49).»

Gjennom dette temaet ynskjer vi at barna skal oppleve livsglede, meistring og trivsel, få ei kjensle av eigenverdi og ei positiv oppfatning av eigen kropp.

Vidare ynskjer vi at dei skal få ei forståing av at dei bestemmer over eigen kropp, og at det er viktig seie frå til ein trygg vaksen som dei stoler på dersom dei opplever ting dei ikkje synest er greitt.

Vi ynskjer også at barna skal få ei grunnleggande forståing for alle er ulike og at ulikskap er ein god ting.

FORUT

Ein fast tradisjon i Rotset barnehage er å ta del i Forut-aksjonen.

I år heiter aksjonen **“Sanjana og havet”** Vi vert kjende med historia til fire år gamle Sanjana frå Sri Lanka. Vi blir kjend med kvardagen hennar, mamma sin butikk og det fantastiske havet.

Målet med aksjonen er todelt. Vi ynskjer å skape forståing, nysgjerrigheit og engasjement for kulturar som er annleis enn vår gjennom møte med jamaldrande, og gjennom det å bygge toleranse, omsorg og empati.

Det andre formålet med FORUT Barneaksjonen er å skaffe inntekter til FORUT sine ulike prosjekt for barn og ungdom.



FASTELAVEN MED KARNEVAL

Karneval er ein tradisjon som opprinneleg kjem frå Sør - Amerika (Brasil), men som etter kvart har vorte ein del av også vår norske kultur. Så siste veka før fastetida tek til vil også vi opne for at barna kan kle seg ut, og ha ei lita karnevalsfeiring i barnehagen. Vi ynskjer ikkje å legge opp til kjøpepress av ferdige drakter. Fint om det ikkje vert berre prinsesser og sjørøvarar som kjem! Det kjekkaste er å kle seg ut i noko ein har heime, og kanskje male seg litt i ansiktet. Gjer det enkelt! Så lagar vi fest!



SAMISK VEKE

Under fagområdet «Nærmiljø og samfunn» peikar Rammeplanen på at barna skal få kjennskap til at samane er Noreg sitt urfolk, og at dei skal få innblikk i samisk språk, kultur og tradisjon. I samband med samefolkets dag den 6. februar set vi av ei veke til å jobbe med dette temaet.



BARNEHAGEDAGEN

Tysdag 10. mars markerer vi årets barnehagedag. Denne vert markert i mars kvart år der ulike tema vert fokusert på. I 2026 er slagordet «Rom for alle» med tema fellesskap og inkludering.



17. MAI

17. mai feirar vi i glede over at Norge har si eiga grunnlov og er eit fritt og sjølvstendig land. Vi ønskjer at barna skal få eit innblikk i kvifor vi feirar 17. mai, gjennom forteljingar, songar og aktivitetar. Vi vil sjå nærmare på flagget vårt, og øve oss på å gå i 17. mai-tog.

HIPP-HIPP-HURRA FOR 17. MAI!



OVERGONG BARNEHAGE SKULE

"Barnehagen skal i samarbeid med skulen, leggje til rette for overgangen frå barnehage til første klasse... Dette skal skje i nært samarbeid med heimen. "

(Rammeplanen, s. 53)

Vi i Rotset barnehage ynskjer å vere med på å gi barna ein god overgang frå barnehage til skule. Vi synest det er viktig at barna skal oppleve kontinuitet i utdanningsløpet sitt. Sidan det er dei same fagområda borna møter i barnehagen som i skulen vil vi vektlegge ein naturleg progresjon i barna si læring i heile barnehagetida. For oss er det viktig å gi barna opplevinga av at dei avsluttande aktivitetane i barnehagen står i ein naturleg samanheng med nye aktivitetar og læring som dei vil møte i skulen.



TIGERGRUPPA

I år er det 5 førskulebarn i Rotset barnehage. Denne gruppa har fått namnet Tigergruppa. Vi ynskjer at "tigrane" våre skal få litt ekstra ansvar og gjere noko som markerer at dei er eldst i barnehagen. Vi ynskjer og at dei største skal vere gode hjelparar og førebilete for dei som er yngre og mindre enn dei sjølv.

Frå hausten og gjennom barnehageåret har tigrane eigne tigerklubb-samlingar der dei følgjer eit eige førskuleopplegg med eiga arbeidsbok og litt andre typar aktivitetar.



TIGERGRUPPA HAR FOKUS PÅ FØLGJANDE

Vere sjølvhjelpete

- kunne kle på/av seg
- toalett
- måltid
- halde orden på egne ting
- pakke sekk



Førebuande lese-/skrivetrening

- kjennskap til bokstavane i namnet sitt
- gjer dei merksame på skriveretninga
- blyantgrep
- finmotoriske øvingar: teikning/klipping
- høgtlesing
- rim og reglar

Førebuande matematikk opplæring

- mengdetrening
- teljing
- former
- matematiske omgrep (over, under, tung, lett osv.)
- spel og puslespel


Emosjonell og Sosial kompetanse

- forstå, uttrykke og regulere følelsane sine
- øve seg på å snakke i gruppe/ rekke opp handa
- lytte til andre
- vente på tur
- konsentrasjon
- ta imot beskjedar



OVERGANG BARNEHAGE-SKULE:

Haust 2025	Barna besøkjer skulen sin. Verte kjend med uteområdet og bygget utvendig.
Vår 2026	Førskuledagar: Skulane inviterer førskulebarna til eit første møte med skulen.



DOKUMENTASJON

DOKUMENTASJON

Hovudmålet med dokumentasjon å synleggjere barnehagen som arena for leik, læring og utvikling. Dette er grunnlaget for utvikling av barnehagen.

Gjennom dagleg kontakt med foreldre i hente- og bringesituasjonen prøver vi å informere om litt av det barna har opplevd i barnehagen.

Elles synleggjer vi arbeidet vårt på Kidplan, på oppslagstavler/vegg, på heimesida, på hyller i barnehagen og på skjermar i garderobane. (Kidplan er ein app som kan lastast ned og som alle foreldre får tilgang til når barnet byrjar i barnehagen. Her vert det også lagt ut vekeoversikter og anna viktig informasjon). Bileta på skjermene og på Kidplan kan vere eit fint utgangspunkt for samtaler med barnet om kva det har gjort gjennom dagen/veka.

Hovudfokuset vårt er å synleggjere prosessar og erfaringar, ikkje nødvendigvis eit produkt. Barna sine kommentarar og uttrykk i aktivitetane vert lagt merke til/skrivne ned, og dannar utgangspunkt for planlegging av nye aktivitetar. Dette er ein måte å i vareta barns medverknad på.



VURDERING

Dokumentasjon er eit viktig utgangspunkt for vår evaluering. I Rotset barnehage vurderer vi fortløpande og regelmessig gjennom heile året. Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadane for barna si læring og utvikling. I tillegg samspel oss menneska imellom skal det pedagogiske arbeidet vurderast; dvs. skildrast, analyserast og tolkast i høve til kriteria gjevne i barnehagelova, rammeplanen og lokale retningslinjer og planar. Evaluering av arbeidet skjer kontinuerleg.

Alt vurderingsarbeid dreier seg om kvalitetssikring. Vi legg vekt på at barna får virke med. Barna sine verbale og non verbale uttrykk viser korleis dei opplever dei ulike situasjonane gjennom dagen.

Samarbeidet med foreldra er viktig for at vi skal kunne vere med på å legge til rette for dei beste utviklings og aktivitetssmoglegheitene. Mot slutten av kvart barnehageår får foreldra utdelt eit vurderingsskjema for året. Dette i tillegg til tilbakemeldingar i kvardagen er viktig for stadig å vere i utvikling og verte ein betre barnehage.

"VI LÆRER SAMAN I EIN MEININGSFULL KVARDAG"

